

KOMMISJONSVEDTAK**2014/EØS/32/10****av 18. oktober 2007****om godkjenning av planen for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område av Ungarn***[meldt under nummeret K(2007) 5053]***(Berre den ungarske teksta er gyldig)**

(2007/683/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 2001/89/EF er det fastsett minstekrav til fellesskapstiltak for motkjemping av klassisk svinepest.
- 2) I januar 2007 vart det påvist tilfelle av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Ungarn.
- 3) I lys av den epidemiologiske situasjonen og i samsvar med direktiv 2001/89/EF sende Ungarn 24. april 2007 over til Kommisjonen ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i det aktuelle området av Ungarn.
- 4) Kommisjonen har bede om at det skulle gjerast ei endring i denne planen. Difor la Ungarn fram ein endra plan 11. juli 2007. Den endra planen oppfyller føresegnene i direktiv 2001/89/EF, og bør difor godkjennast.

5) Av omsyn til klarleiken bør det i dette vedtaket gjevast opplysningar om det geografiske området av Ungarn der utryddingsplanen skal gjennomførast.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den planen som Ungarn har lagt fram 11. juli 2007 for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei områda som er fastsette i vedlegget, er godkjend.

Artikkel 2

Ungarn skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å gjennomføre den planen som er nemnd i artikkel 1.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til Republikken Ungarn.

Utfërda i Brussel, 18. oktober 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

*VEDLEGG***Område som er omfatta av utryddingsplanen**

Territoriet til fylket Nógrád.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 281 av 25.10.2007, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2009 av 17. mars 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 28, 28.5.2009, s. 5.

(¹) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).